



Leidulf Namtveidt

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/5763 - 14/21532

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:

23.09.2014

Svar på førespurnad som gjeld utslepp på Risa.

Lindås kommune viser til mottatt førespurnad om mogleg ulovleg utslepp på Risa.

Vi har undersøkt saka og finn i vårt arkiv at det er godkjend ein avlaupsleidning frå gbnr 123/63 som er ført ut i sjø på den avmerka staden på eigedomen gbnr 123/9. Avlaupet er ført til sjø etter reinsing i slamavskiljar. Det kan vera andre eigedomar som er knytt til leidningen. Når det gjeld avlaup frå gbnr 123/9 kan vi ikkje finna andre opplysningar i arkivet enn at eigedomen har slamavskiljar. Avlaupsanlegget for denne eigedomen er truleg etablert på ei tid då det ikkje var krav til søknad og løyve. Når det gjeld avlaupsleidningen som går i sjø på vestsida av kaien er vi usikker på kva leidningen dette er ut frå dei opplysningane vi har.

I dette området er det eldre busetnad og følgjeleg mange eldre avlaupsanlegg. Fleire er truleg etablert i ei tid der det ikkje var krav til søknad og løyve. I samsvar med «Forskrift om begrenring av forurensing», § 12-16 står det følgjande om forholdet til eksisterande utslepp:

«Tillatelse til utslipp av sanitært avløpsvann gitt i medhold av forurensingsloven og tilhørende forskrifter før 1. januar er fortsatt gjeldende.»

Utslipp etablert før 1. januar 2007 og som det på tidspunkt for etablering ikkje måtte innhentes tillatelse for etter det på den tid gjeldende regelverk, er fortsatt lovlige. Kommunen kan likevel i forskrift eller enkeltvedtak bestemme at slike utslipp er ulovlige etter en fastsatt frist.»

Eigar av avlaupsanlegget er ansvarleg for at forureining ikkje skjer og for å setja i verk tiltak for å stansa, fjerna eller begrensa forureininga dersom slik inntrer. Kommunen er ikkje kjend med at det er forureining knytt til utsleppa. Eventuell vidare oppfølging av saka må skje gjennom tilsyn. Sanering av utsleppa bør skje etter samla plan der større område vert sett under eitt.

Med helsing

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Teknisk drift

her